

Studiebarometeret: Rapport 9–2014

“Små” HF- og språkfag – kva seier Studiebarometeret oss

Stein Erik Lid



NOKUT 

Bakgrunnen for denne analysen er interessa rundt og debatten om små studieprogram innanfor humaniora den siste tida. I denne debatten blir det ofte hevda

- *at det er for mange studieprogram innanfor høgare utdanning i Noreg, og at humaniora, som står for ein stor del av dei små programma, må ta ein vesentleg del av «skulda» for dette*
- *at små studieprogram er sårbare på grunn av manglande fagleg konsentrasjon og låg studentrekruttering*
- *at det er lite tenleg å tilby liknande studietilbod med få studentar og små fagmiljø ved mange lærestader (ressursane blir spreidde tynt utover)*
- *at utdanningane i liten grad er arbeidslivsrelevante eller etterspurde i arbeidslivet*

Argumenta mot desse «skuldingane» er gjerne

- *at fleire av dei små studieprogramma innanfor humaniora er av nasjonal verdi og derfor må førast vidare (til dømes for å sikre språkkompetanse)*
- *at humaniorastudentar ikkje er overrepresenterte på arbeidsløysestatistikken*
- *at det finst lite empirisk støtte for å hevde at små fagmiljø og studieprogram er kvalitativt svakare enn større*

I denne analysen ser vi nærmare på om data frå Studiebarometeret gir interessante indikasjonar som kan bidra til å nansere debatten.

Kor store er HF- og språkfaga?

I første omgang er det naturleg å undersøkje om HF- og språkfaga, målte i studenttalet, faktisk er små samanlikna med andre fagområde. Som mål på studieprogramstorleik bruker vi her det samla talet på studentar som er registrerte på dei studieprogramma (alle årskull) som deltok i den nasjonale studentundersøkinga (Studiebarometeret). Talet på registrerte studentar er henta frå Felles studentsystem (FS), som ein av fleire variablar i datainnsamlinga som ligg til grunn for Studiebarometeret.


Tabell 1 viser gjennomsnittet, medianen og fordelinga av alle registrerte studentar på HF- og språkfag og alle studieprogram som deltok i den nasjonale studentundersøkinga. I alle tilfella er gjennomsnittet og medianen på studieprogramma innanfor HF- og språkfag noko mindre enn på alle studieprogramma. Ser vi på fordelinga og startar med bachelorgradsnivået, er ikkje prosentdelen HF- og språkfag med færre enn 20 studentar større enn han er blant alle studieprogramma. Det er på mastergradsnivå at særleg språkfaga og i nokon grad HF-faga skil seg ut. Her har ein stor del av studieprogramma få studentar (tabell 1 og figur 1). Innanfor språkfaga har heile 40 prosent av studieprogramma 10 eller færre studentar, og 64 prosent har 20 studentar eller færre. Også HF-faga har ein stor del studieprogram med 20 studentar eller færre. Innanfor HF-faga er det også ein større prosentdel mastergradsprogram i forhold til bachelorgradsprogram enn det er innanfor dei fleste andre fagområde. Sjølv om desse prosentdelane ligg over snittet for alle studieprogram, er det naturleg å nemne at det er ein relativt stor del små program på mastergradsnivå også når vi ser alle studieprogramma under eitt, med 11 prosent som har 10 eller færre studentar, og 26 prosent som har 20 eller færre. HF- og språkfaga har òg ein mindre prosentdel store program (over 50 studentar) enn snittet, særleg på mastergradsnivå.

Tabell 1. Gjennomsnitt, median og fordeling av storleik på studieprogram (registrerte studentar).

| | Gjennomsnittleg studenttal | Medianen av studenttalet | Prosentdel studentar 1–10 | Prosentdel studentar 1–20 | Prosentdel studentar 1–50 | Prosentdel studentar over 50 | Program i alt |
|------------------|----------------------------|--------------------------|---------------------------|---------------------------|---------------------------|------------------------------|---------------|
| Alle – HF | 65 | 34 | 3 % | 24 % | 60 % | 40 % | 88 |
| Alle – språk | 45 | 30 | 18 % | 33 % | 68 % | 32 % | 60 |
| Alle program | 99 | 61 | 6 % | 15 % | 42 % | 58 % | 1578 |
| Bachelor – HF | 109 | 59 | 0 % | 5 % | 32 % | 68 % | 37 |
| Bachelor – språk | 67 | 50 | 0 % | 6 % | 52 % | 48 % | 31 |
| Bachelor – alle | 119 | 85 | 2 % | 6 % | 24 % | 76 % | 878 |
| Master – HF | 33 | 25 | 6 % | 38 % | 82 % | 18 % | 50 |
| Master – språk | 23 | 16 | 40 % | 64 % | 86 % | 14 % | 28 |
| Master – alle | 73 | 37 | 11 % | 26 % | 65 % | 35 % | 701 |

Sjølv om det er ein stor prosentdel små studieprogram innanfor særleg språkfag og i nokon grad HF-fag, dreier det seg samla sett ikkje om mange program. Blant språkfaga på mastergradsnivå i Studiebarometeret er det 11 program med 10 eller færre studentar og 18 med 20 eller færre. Dei tilsvarande tala for HF-faga er 3 og 19. Blant alle studieprogramma i Studiebarometeret er det om lag 240 program med 20 eller færre studentar. Dersom det er eit nasjonalt mål å redusere mengda små studieprogram, ser det ut til å vere lite å hente på å rette tiltak spesifikt mot HF- og språkfaga.

Figur 1. Fordeling av storleik (mengda registrerte studentar) for studieprogramma på mastergradsnivå. X-aksen indikerer kor mange studentar studieprogramma har. Intervalla er ≤ 10 , ≤ 20 , ≤ 30 osv. Y-aksen indikerer kor mange studieprogram som finst.



Studiebarometeret – kva karakteriserer HF- og språkfaga?

Her ser vi nærmare på kva som karakteriserer HF- og språkfaga i Studiebarometeret. Vi har tidlegare vist at det er karakteristisk for desse fagområda at dei har relativt lite organiserte læringsaktivitetar samanlikna med andre utdanningstypar, og at den ikkje-organiserte studieinnsatsen utgjer størstedelen av den samla studieinnsatsen.¹ Den samla gjennomsnittlege studieinnsatsen som studentane innanfor HF- og språkfaga oppgir, er blant dei lågaste når vi samanliknar studieinnsatsen på tvers av dei store utdanningstypane.

Studiebarometeret inneheld ei rekkje spørsmål om korleis studentane oppfattar kvaliteten på studieprogramma sine. Desse spørsmåla er samla i sju indeksar der òg andre spørsmål av same typen inngår. Tabell 2 og 3 viser gjennomsnittsscore og kor stor prosentdel studentar som svarer positivt (4 eller 5 på ein skala frå 1 til 5) og negativt (1 eller 2) for HF- og språkfaga samanlikna med alle respondentar på høvesvis bachelor- og mastergradnivå. Vedlegg 1 viser ei fullstendig samanlikning av gjennomsnittsscorane på *tilfredsheit alt i alt* og gjennomsnittsscorane på dei sju indeksane for alle store fagområde. Det som karakteriserer HF- og språkfaga, ser ut til å vere at studentane her i gjennomsnitt er noko meir nøgde med *undervisninga* (særleg på masternivå) enn den totale populasjonen er, og at dei er mindre nøgde med kor *relevant* utdanninga er.

Tabell 2. Gjennomsnittsscore og prosentdel studentar som svarer positivt og negativt på *tilfredsheit alt i alt* og dei sju indeksane i Studiebarometeret der bachelornivået er samanlikna mellom HF-fag, språkfag og alle respondentar.

| | Alt i alt ... | Undervisning | Læringsmiljø | Medverknad | Engasjement | Relevans | Eksamen | Læringsutbytte | Respondentar |
|-----------------------------|---------------|--------------|--------------|------------|-------------|----------|---------|----------------|--------------|
| Gjennomsnitt | | | | | | | | | |
| HF – BA | 4,0 | 3,4 | 3,7 | 3,2 | 4,0 | 3,4 | 4,1 | 3,6 | 279 |
| Språk – BA | 4,1 | 3,5 | 3,8 | 3,3 | 4,0 | 3,6 | 4,2 | 3,7 | 205 |
| Alle – BA | 4,0 | 3,3 | 3,7 | 3,2 | 4,0 | 4,2 | 4,1 | 3,6 | 11 041 |
| Prosentdel 1 + 2 (negative) | | | | | | | | | |
| HF – BA | 10 % | 13 % | 3 % | 19 % | 5 % | 19 % | 0 % | 6 % | 279 |
| Språk-BA | 7 % | 9 % | 3 % | 18 % | 3 % | 18 % | 0 % | 2 % | 205 |
| Alle – BA | 9 % | 17 % | 4 % | 21 % | 4 % | 4 % | 2 % | 3 % | 11 041 |
| Prosentdel 4 + 5 (positive) | | | | | | | | | |
| HF – BA | 75 % | 51 % | 72 % | 46 % | 75 % | 49 % | 87 % | 61 % | 279 |
| Språk – BA | 78 % | 56 % | 68 % | 47 % | 78 % | 58 % | 93 % | 62 % | 205 |
| Alle – BA | 75 % | 39 % | 68 % | 40 % | 77 % | 84 % | 88 % | 64 % | 11 041 |

Tabell 3. Gjennomsnittsscore og prosentdel studentar som svarer positivt og negativt på *tilfredsheit alt i alt* og dei sju indeksane i Studiebarometeret der masternivået er samanlikna mellom HF-fag, språkfag og alle respondentar.

| | Alt i alt ... | Undervisning | Læringsmiljø | Medverknad | Engasjement | Relevans | Eksamen | Læringsutbytte | Respondentar |
|-----------------------------|---------------|--------------|--------------|------------|-------------|----------|---------|----------------|--------------|
| Gjennomsnitt | | | | | | | | | |
| HF – MA | 4,2 | 3,7 | 3,9 | 3,4 | 4,0 | 3,6 | 4,4 | 3,9 | 251 |
| Språk – MA | 4,0 | 3,7 | 3,7 | 3,2 | 3,9 | 3,5 | 4,4 | 3,8 | 115 |
| Alle – MA | 4,1 | 3,3 | 3,8 | 3,2 | 4,1 | 4,2 | 4,1 | 3,8 | 6549 |
| Prosentdel 1 + 2 (negative) | | | | | | | | | |
| HF – MA | 7 % | 7 % | 3 % | 13 % | 3 % | 11 % | 1 % | 0 % | 251 |
| Språk – MA | 12 % | 8 % | 4 % | 22 % | 4 % | 17 % | 2 % | 1 % | 115 |
| Alle – MA | 7 % | 15 % | 3 % | 21 % | 3 % | 4 % | 2 % | 3 % | 6549 |
| Prosentdel 4 + 5 (positive) | | | | | | | | | |
| HF – MA | 80 % | 62 % | 76 % | 48 % | 76 % | 56 % | 93 % | 77 % | 251 |
| Språk – MA | 74 % | 64 % | 62 % | 38 % | 71 % | 50 % | 90 % | 69 % | 115 |
| Alle – MA | 79 % | 43 % | 75 % | 41 % | 81 % | 83 % | 87 % | 72 % | 6549 |

¹ Lid, Stein Erik: [Studieinnsats – ein analyse av data frå Studiebarometeret 2013](#)

Det HF- og språkfagstudentane relativt sett vurderer meir positivt når det gjeld *undervisning*, er særleg *faglærarane si evne til å gjere undervisninga engasjerande og vanskeleg stoff forståeleg, kvaliteten på tilbakemeldingar på eige arbeid og individuell oppfølging* (tabell 4). I og med at desse utdanningstypane er karakteriserte av at studentane har få timar med organiserte læringsaktivitetar, kunne det tenkjast at desse studentane vurderte kvaliteten på tilbakemeldingar på eige arbeid og den individuelle oppfølginga som dårlegare enn andre studentgrupper. Men det gjer dei altså ikkje. Vedlegg 2 gir ei fullstendig oversikt over gjennomsnittsscorane på spørsmåla som inngår i indeksen *undervisning*, for alle store utdanningstypar.

Tabell 4. Gjennomsnittsscorar på enkeltspørsmåla som inngår i indeksen *undervisning*. I denne tabellen er svara frå alle studentane innanfor HF- og språkfaga slått saman fordi gjennomsnittsscorane for dei to utdanningstypane er omtrent identiske. Skalaen som er brukt i undersøkinga, går frå 1 til 5 i alle tilfella.

| | Under- visning | Faglærarane si evne til å gjere undervisninga engasjerande | Faglærarane si evne til å gjere vanskeleg stoff forståeleg | Korleis undervisninga dekkjer lærestoffet (pensumet) i studieprogrammet | Kvaliteten på tilbakemeldingane på eige arbeid | Den individuelle oppfølginga av studentane | Respon- dentar |
|-------------------|-------------------|---|---|---|--|--|-------------------|
| HF og språk | 3,6 | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,5 | 3,1 | 850 |
| Alle fagområde | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,7 | 3,1 | 2,8 | 17 590 |
| Differanse | 0,3** | 0,3** | 0,3** | 0,1** | 0,4** | 0,3** | |

*Uavhengig t-test, ** indikerer ein signifikans på 0,01-nivå.*

Når det gjeld *relevans*, scorar HF- og språkfaga markant lågare enn gjennomsnittet for alle respondentane i Studiebarometeret på dei spørsmåla som det er mogleg å samanlikne mellom utdanningstypar.² Dette gjeld spørsmål om *relevans med sikte på aktuelle yrkesområde og høve til arbeid og spørsmål om utdanninga gir kunnskapar og ferdigheiter som er viktige i arbeidslivet* (tabell 5). På desse spørsmåla er HF- og språkfaga òg blant dei som scorar lågast når vi samanliknar alle store utdanningstypar. Vedlegg 3 gir ei fullstendig oversikt over gjennomsnittsscorane på spørsmåla som inngår i indeksen *relevans*, for alle store utdanningstypar. HF- og språkfaga utdannar i mindre grad enn mange andre utdanningstypar til bestemte jobbmarknader, og resultatet speglar truleg dette. Humaniora har fått kritikk for svak arbeidslivsrelevans i ei rekkje samanhengar dei siste åra, og Studiebarometeret ser ut til å stadfeste at studentane deler dette synet.

Tabell 5. Gjennomsnittsscorar på enkeltspørsmåla som inngår i indeksen *relevans*. I denne tabellen er svara frå alle studentane innanfor HF- og språkfaga slått saman fordi gjennomsnittsscorane for dei to utdanningstypane er omtrent identiske. Skalaen som er brukt i undersøkinga, går frå 1 til 5 i alle tilfella.

| | Relevans | Er relevant med sikte på aktuelle yrkesområde | Gir gode høve til arbeid | Gir kunnskapar og ferdigheiter som er viktige i arbeidslivet | Respon- dentar |
|-------------------|----------|--|-----------------------------|---|-------------------|
| HF og språk | 3,5 | 3,7 | 3,1 | 3,7 | 850 |
| Alle fagområde | 4,2 | 4,3 | 4,2 | 4,3 | 17 590 |
| Differanse | 0,7** | 0,6** | 1,1** | 0,6** | |

*Uavhengig t-test, ** indikerer ein signifikans på 0,01-nivå.*

Sjølv om indeksscoren for HF- og språkfaga på *læringsutbytte* ikkje avviker frå snittet blant alle respondentane i Studiebarometeret, skjuler denne indeksen enkelte interessante forskjellar. Relativt sett scorar HF- og språkfaga høgast på spørsmåla om læringsutbytte som handlar om

² I indeksen *relevans* inngår eitt spørsmål om praksisopplæringa. I og med at det ikkje er vanleg med praksis innanfor HF- og språkfaga, er det ikkje relevant å samanlikne dette spørsmålet på tvers av fagområde.

teoretiske og klassisk akademiske kunnskaper, ferdigheiter og kompetansar (tabell 6 a og b). Dette gjeld til dømes teoretisk kunnskap, kunnskap om FoU, evne til refleksjon og kritisk tenking og evne til å jobbe sjølvstendig. Samtidig scorar dei relativt sett lågare på spørsmål som handlar om yrkesspesifikke ferdigheiter og «soft skills», som evne til samarbeid. Samanliknar vi med til dømes profesjonsutdanningane i Studiebarometeret, finn vi dei motsette resultat (dataa er ikkje viste). Desse forskjellane samsvarer i stor grad med det vi kunne vente å finne ut frå kjennskap til kva som er karakteristisk for dei ulike utdanningstypene, og kva dei har tradisjon for. Samtidig ser det ut til å stadfeste at studentane oppfattar at HF- og språkfaga er meir retta mot fagdisiplinane enn mot kompetansekrava i arbeidslivet.

Tabell 6a. Gjennomsnittsscorar på enkeltspørsmåla som inngår i indeksen *læringsutbytte*. I denne tabellen er svara frå alle studentane innanfor HF- og språkfaga slått saman fordi gjennomsnittsscorane for dei to utdanningstypene er omtrent identiske. Skalaen som er brukt i undersøkinga, går frå 1 til 5 i alle tilfella.

| | Teoretisk kunnskap | Kunnskap om vitenskapleg arbeidsmetode og forskning | Eiga erfaring med forskings- og utviklingsarbeid | Yrkes- og fagspesifikke ferdigheiter | Evne til refleksjon og kritisk tenking | Svar |
|-----------------|--------------------|---|--|--------------------------------------|--|--------|
| HF og språk | 3,9 | 3,5 | 3,3 | 3,1 | 4,1 | 850 |
| Alle fag-område | 3,8 | 3,4 | 3,1 | 3,6 | 3,9 | 17 590 |
| Differanse | 0,1* | 0,1** | 0,2** | 0,5** | 0,2** | |

Uavhengig t-test, ** indikerer ein signifikans på 0,01-nivå, * på 0,05-nivå.

Tabell 6b.

| | Samarbeids-evne | Evne til å jobbe sjølvstendig | Munnleg kommunikasjonsevne | Skriftleg kommunikasjonsevne | Evne til å tenkje nytt | Svar |
|-----------------|-----------------|-------------------------------|----------------------------|------------------------------|------------------------|------|
| HF og språk | 3,5 | 4,4 | 3,6 | 4,1 | 3,7 | 5789 |
| Alle fag-område | 3,9 | 4,2 | 3,6 | 3,8 | 3,6 | 4261 |
| Differanse | 0,4** | 0,2** | 0 | 0,3** | 0,1* | |

Uavhengig t-test, ** indikerer ein signifikans på 0,01-nivå, * på 0,05-nivå.

Alt i alt ser det ut til å vere karakteristisk for HF- og språkfaga at studentane relativt sett er meir nøgde med kvaliteten på undervisninga og mindre nøgde med kor relevant utdanninga er, enn gjennomsnittet blant alle studentane som inngår i datagrunnlaget for Studiebarometeret. For *tilfredsheit alt i alt* og dei andre indeksane scorar HF- og språkfaga omtrent likt som gjennomsnittet, sjølv om det er nokre interessante forskjellar innanfor *læringsutbytte*.

Med utgangspunkt i desse resultatane er det interessant å undersøkje kva kvalitetsområde (indeksar) studentane innanfor HF- og språkfaga legg vekt på når dei vurderer kor nøgde dei er. Lineær regresjon, der vi prøver å forklare variasjonen i svara på enkeltspørsmålet om *tilfredsheit alt i alt* ut frå dei sju indeksane som uavhengige variablar, kan gi ein indikasjon på dette. Tabell 7 viser at modellen kan forklare om lag 50 prosent av den observerte variasjonen i *tilfredsheit alt i alt*, og at det jamt over er relativt små forskjellar mellom HF- og språkfaga på den eine sida og alle respondentane på den andre. Vedlegg 4 gir ei fullstendig oversikt over tilsvarande analysar for alle store fagområde. Som for den totale populasjonen er det også for HF- og språkfagstudentane slik at *engasjement* er det som har størst samanheng med *tilfredsheit alt i alt*. Spørsmåla som danner grunnlaget for indeksen *engasjement*, går på om studieprogramma er fagleg engasjerande og

utfordrande, og om dei består av emne som heng godt saman. Dette ser ut til å ha særleg sterk samanheng med *tilfredsheit alt i alt* blant HF-studentane. Ein annan interessant observasjon er at *relevans* heng mindre saman med *tilfredsheit alt i alt* for særleg HF-studentane. Denne analysen gir ikkje grunnlag for å konkludere presist når det gjeld årsak og verknad. Han gir likevel ein indikasjon på at sjølv om HF-studentane vurderer utdanninga si som mindre *relevant* enn andre utdanningstypar, har oppfatninga av relevans liten samanheng med totalvurderinga deira av kor nøgde dei er med studieprogrammet. Sagt på ein annan måte: Sjølv om HF-studentane vurderer relevansen som relativt sett svak, ser ikkje det ut til å ha så mykje å seie for dei. Ei mogleg forklaring kan i så fall vere at studentar som begynner på HF, har lågare forventningar enn andre studentar om at utdanninga skal ha sterk arbeidslivsrelevans, og slik sett legg relativt mindre vekt på dette.

Tabell 7. Lineær regresjon der vi prøver å forklare variasjonen i *tilfredsheit alt i alt* ut frå dei sju indeksane i Studiebarometeret som uavhengige variablar.

| | ANOVA- modell (R ²) | Under- visning (Beta) | Lærings- miljø (Beta) | Med- verknad (Beta) | Engasje- ment (Beta) | Relevans (Beta) | Eksamen (Beta) | Lærings- utbytte (Beta) | Respon- dentar |
|-------------|---------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|---------------------------|----------------------------|--------------------|-------------------|-------------------------------|-------------------|
| HF | 0,55** | 0,18** | 0,09* | 0,04 | 0,43** | 0,07 | -0,02 | 0,14** | 509 |
| Språkfag | 0,49** | 0,15* | -0,01 | -0,02 | 0,37** | 0,14* | 0,00 | 0,21** | 285 |
| Alle | 0,50** | 0,19** | 0,06** | 0,10** | 0,33** | 0,16** | 0,02* | 0,09** | 16 302 |

Kor store er programma, og kor nøgde er studentane?

Her ønskjer vi å sjå på om materialet gir indikasjonar på at storleiken på programma kan ha samanheng med kor nøgde studentane er, og korleis dei opplever kvaliteten på studieprogramma innanfor HF- og språkfaga. Vi har vist i ein eigen analyse at det ikkje er nokon tydeleg samanheng mellom kor nøgde studentane er, og kor store programma er, når vi ser på heile materialet samla og uavhengig av fagområde.³

Som vist i tabell 1, ligg medianen for programstorleik innanfor HF- og språkfaga på rundt 30 studentar. Det inkluderer alle studentar som er registrerte på programmet i FS. Den nasjonale studentundersøkinga blei berre send ut til andre- og femteårsstudentar. For dei aller fleste programma er det derfor vesentleg færre studentar som har fått undersøkinga. Samtidig ligg den gjennomsnittlege svarprosenten i heile undersøkinga på 32. Til saman gjer dette at det er svært få studieprogram innanfor HF- og språkfaga der vi kan rekne dataa i Studiebarometeret for å vere robuste nok.⁴ Det har derfor liten verdi å samanlikne tilfredsheit og opplevd kvalitet med studieprogramstorleik om vi berre tek med data frå studieprogram der det har komme inn ei tilfredsstillande mengd svar. I figur 2 og 3 bruker vi i staden data frå alle studieprogramma, uavhengig av svarprosenten og kor mange som har svart. Ekstremverdiar som kan skrive seg frå at det er få respondentar, er korrigererte individuelt. Det er indikert i teksten nedanfor.


Figur 2 viser eit spreingsplott for HF-faga der snittscoren for *tilfredsheit alt i alt* er plotta mot programstorleik. Plottet viser at snittscoren for *tilfredsheit alt i alt* klumpar seg saman rett over scoren 4. Gjennomsnittsscoren for *tilfredsheit alt i alt* utrekna ut frå individsvar i Studiebarometeret er 4. Snittscoren for dei store programma (over 100 registrerte studentar) fordeler seg jamt om

³ Lid, Stein Erik: [Har institusjons- og studieprogramstørrelse sammenheng med studenttilfredshet?](#)

⁴ Resultat for studieprogramma blir publiserte på studiebarometeret.no dersom det er 6–9 respondentar samtidig som svarprosenten er over 50, og dersom det er 10 eller fleire respondentar samtidig som svarprosenten er 10 eller meir.


snittet. Den høgaste og lågaste snittscoren for *tilfredsheit alt i alt* er det nokre av dei minste programma som ser ut til å få. Ein kontroll av kva program som får høgast og lågast snittscore i figur 2, viser at alle bortsett frå to program med ein snittscore over 4,5 har for få respondentar til at NOKUT publiserer resultatdataa på studiebarometeret.no. Tilsvarande er det òg for få respondentar på alle programma med ein snittscore under 3,5. Når vi ser bort frå ekstremverdiane som kan skrive seg frå at det er få respondentar, gir Studiebarometeret ingen indikasjonar på at *tilfredsheit alt i alt* heng saman med storleiken på programma studentane går på innanfor HF-faga. Tilsvarande resultat får vi når vi samanliknar snittscoren for programma på dei sju indeksane i Studiebarometeret med programstorleiken (ikkje vist).

Figur 2. Spreiingsplott for studieprogram innanfor HF-faga der gjennomsnittsscoren for *tilfredsheit alt i alt* er plotta mot programstorleik.



Figur 3 viser eit spreingsplott for språkfaga der gjennomsnittsscoren for *tilfredsheit alt i alt* er plotta mot programstorleik. Heller ikkje for desse programma ser det ut til å vere nokon klar samanheng mellom kor store programma er, og kor nøgde studentane er. Ekstremverdiane (både positive og negative) finn vi i alle tilfella innanfor studieprogram der det har komme inn for få svar til at resultatdataa blir publiserte på studiebarometeret.no. Tilsvarande resultat finn vi når vi samanliknar snittscoren på dei sju indeksane i Studiebarometeret med programstorleiken (ikkje vist). Når vi ser bort frå ekstremverdiane som kan skrive seg frå at det er få respondentar, gir Studiebarometeret ingen indikasjonar på at *tilfredsheit alt i alt* eller synet på programkvalitet har samanheng med storleiken på programma studentane går på innanfor språkfaga.

Figur 3. Spreiingsplott for studieprogram innanfor språkfaga der gjennomsnittsscoren for *tilfredsheit alt i alt* er plotta mot programstorleik.



Oppsummering

- Det er ein klart større prosentdel studieprogram med få studentar innanfor HF- og særleg språkfaga enn det er innanfor alle fagområda i Studiebarometeret. Dette gjeld særleg på masternivå. Sjølv om det er ein stor del små program innanfor desse utdanningstypene, utgjer dei til saman relativt få studieprogram. Blant alle fagområda er det 240 studieprogram med 20 eller færre registrerte studentar i Studiebarometeret. Berre 18 prosent av desse er program innanfor HF- og språkfaga. Dersom det er eit nasjonalt mål å redusere mengda små studieprogram, ser det ut til å vere lite å hente på å rette tiltak spesifikt mot HF- og språkfaga.
- Den nasjonale studentundersøkinga indikerer at HF- og språkfaga har desse karakteristiske trekk (relativt sett i forhold til andre fagområde):
 - Studentane har få timar med organiserte læringsaktivitetar, og eigenstudium utgjer størstedelen av den samla studieinnsatsen. Den gjennomsnittlege samla studieinnsatsen til HF- og språkfagstudentane ligg blant dei lågaste i Studiebarometeret.
 - Studentane er totalt sett relativt godt nøgde med studieprogramma dei går på (*tilfredsheit alt i alt*), og her skil dei seg ikkje ut frå gjennomsnittet for heile studentpopulasjonen.
 - Studentane vurderer i gjennomsnitt kvaliteten på undervisninga meir positivt enn snittet for heile populasjonen gjer. Det gjeld særleg spørsmål om undervisninga til faglærarane, kvaliteten på tilbakemeldingane og den individuelle oppfølginga dei får.
 - Studentane vurderer i gjennomsnitt at utdanninga deira har ein vesentleg svakare arbeidslivsrelevans enn snittet for heile populasjonen gjer. Samtidig finn vi indikasjonar på at arbeidslivsrelevans ser ut til å vere ein mindre viktig faktor for HF-studentar enn for dei fleste andre studentgrupper når dei skal vurdere kor nøgde dei er totalt.

- Studentane vurderer at dei har størst læringsutbytte innanfor teoretiske og klassisk akademiske kunnskapar og eit relativt sett svakare utbytte innanfor «soft skills» og yrkesspesifikke ferdigheiter.
- Datamaterialet gir ingen indikasjonar på at det er nokon samanheng mellom kor nøgde HF- og språkfagstudentane er med studieprogramma sine, og kor store studieprogramma er.

Vedlegg

Vedlegg 1. Gjennomsnittsscore på dei sju indeksane i Studiebarometeret og påstanden «eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på», og respondentar i alt. Tabellen er sortert etter gjennomsnittsscoren på påstanden «eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på». Grønt indikerer ein score *over* snittet for alle, svart ein score *på* snittet for alle og raudt ein score *under* snittet for alle.

| | Alt i alt ... | Under-visning | Lærings-miljø | Med-verknad | Engasje-ment | Relevans | Eksamen | Lærings-utbytte | Respon-dentar |
|--------------------------------|---------------|---------------|---------------|-------------|--------------|------------|------------|-----------------|---------------|
| Arkitektur | 4,4 | 3,8 | 3,8 | 3,5 | 4,4 | 4,4 | 4,3 | 3,9 | 125 |
| Religion | 4,4 | 4,0 | 4,0 | 3,6 | 4,3 | 4,0 | 4,4 | 3,9 | 183 |
| Sivil-ingeniør | 4,3 | 3,1 | 4,0 | 3,2 | 4,1 | 4,5 | 4,1 | 3,6 | 988 |
| Idrett | 4,2 | 3,4 | 3,8 | 3,4 | 4,1 | 3,8 | 4,0 | 3,6 | 289 |
| Retts-vitskap | 4,2 | 3,3 | 3,6 | 3,1 | 4,3 | 4,5 | 4,1 | 3,6 | 655 |
| Medisin | 4,2 | 2,8 | 4,0 | 2,8 | 4,2 | 4,6 | 3,7 | 3,7 | 388 |
| Yrkesfag-lærer | 4,2 | 3,6 | 3,9 | 3,3 | 4,0 | 4,2 | 4,2 | 3,8 | 172 |
| Øk.-adm. | 4,2 | 3,3 | 3,8 | 3,3 | 4,0 | 4,3 | 4,2 | 3,6 | 2831 |
| Barnehage | 4,1 | 3,4 | 3,6 | 3,1 | 4,0 | 4,5 | 4,2 | 3,8 | 733 |
| Sjukepleie | 4,1 | 3,2 | 3,7 | 3,1 | 4,0 | 4,6 | 4,1 | 3,8 | 1349 |
| Helse og sosial andre (3-årig) | 4,1 | 3,3 | 3,6 | 3,1 | 4,0 | 4,3 | 4,1 | 3,7 | 1305 |
| Mat.-nat. | 4,1 | 3,3 | 3,8 | 3,3 | 4,0 | 3,9 | 4,1 | 3,7 | 649 |
| Hist.-fil. | 4,1 | 3,5 | 3,8 | 3,3 | 4,0 | 3,5 | 4,2 | 3,7 | 530 |
| Sosiologi | 4,1 | 3,3 | 3,6 | 3,2 | 4,0 | 3,6 | 4,3 | 3,7 | 156 |
| Stats-vitskap | 4,1 | 3,3 | 3,8 | 3,2 | 4,0 | 3,7 | 4,2 | 3,7 | 434 |
| Alle fagområde | 4,1 | 3,3 | 3,6 | 3,2 | 4,0 | 4,2 | 4,1 | 3,7 | 17 590 |
| Kunst | 4,0 | 3,5 | 3,8 | 3,4 | 3,9 | 3,6 | 4,0 | 3,7 | 448 |
| Data – IT | 4,0 | 3,3 | 3,8 | 3,3 | 3,9 | 4,1 | 4,0 | 3,6 | 458 |
| Psykologi | 4,0 | 2,9 | 3,7 | 2,9 | 4,0 | 4,1 | 4,0 | 3,7 | 429 |
| Pedagogikk | 4,0 | 3,4 | 3,8 | 3,1 | 4,1 | 4,2 | 4,3 | 3,8 | 532 |
| Samfunns-økonomi | 4,0 | 3,2 | 3,7 | 3,2 | 4,0 | 3,9 | 4,0 | 3,4 | 172 |
| Språk | 4,0 | 3,6 | 3,7 | 3,3 | 4,0 | 3,6 | 4,3 | 3,7 | 320 |
| Ingeniør | 3,8 | 3,0 | 3,6 | 3,0 | 3,8 | 4,2 | 4,1 | 3,5 | 1007 |
| Lektor | 3,8 | 3,1 | 3,7 | 2,8 | 3,7 | 4,1 | 4,1 | 3,6 | 266 |
| GLU | 3,7 | 3,1 | 3,6 | 3,0 | 3,7 | 4,4 | 4,1 | 3,7 | 697 |

Vedlegg 2. Gjennomsnittsscore på dei fem spørsmåla i Studiebarometeret som inngår i utrekninga av indeksen *undervisning* for alle store utdanningstypar. Tabellen er sortert etter gjennomsnittsscoren på undervisningsindeksen. Grønt indikerer ein score *over* snittet for alle, svart ein score *på* snittet blant alle og raudt ein score *under* snittet blant alle.

| | Under- visning | Faglærarane si evne til å gjere undervisninga engasjerande | Faglærarane si evne til å gjere vanskeleg stoff forståeleg | Korleis undervisninga dekkjer lærestoffet (pensumet) i studieprogrammet | Kvaliteten på tilbakemeldingane på eige arbeid | Den individuelle oppfølginga av studentane | Respon- dentar |
|---------------------------------|-------------------|---|---|---|--|--|-------------------|
| Religion | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 4,0 | 3,9 | 3,8 | 183 |
| Arkitektur | 3,8 | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,8 | 3,8 | 125 |
| Språk | 3,6 | 3,8 | 3,7 | 3,8 | 3,5 | 3,2 | 320 |
| Yrkesfag- lærer | 3,6 | 3,8 | 3,6 | 3,8 | 3,4 | 3,3 | 172 |
| Kunst | 3,5 | 3,7 | 3,6 | 3,5 | 3,4 | 3,4 | 448 |
| Hist.-fil. | 3,5 | 3,7 | 3,7 | 3,8 | 3,4 | 3,0 | 530 |
| Barnehage | 3,4 | 3,6 | 3,4 | 3,6 | 3,3 | 2,9 | 733 |
| Idrett | 3,4 | 3,6 | 3,5 | 3,7 | 3,2 | 3,2 | 289 |
| Pedagogikk | 3,4 | 3,6 | 3,6 | 3,7 | 3,2 | 3,0 | 532 |
| Helse og sosial (3- årig) | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,5 | 3,1 | 2,8 | 1305 |
| Mat.-nat. | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,8 | 3,3 | 2,9 | 649 |
| Sosiologi | 3,3 | 3,5 | 3,4 | 3,8 | 3,1 | 2,5 | 156 |
| Stats- vitskap | 3,3 | 3,6 | 3,4 | 3,7 | 3,0 | 2,6 | 434 |
| Data – IT | 3,3 | 3,3 | 3,2 | 3,7 | 3,4 | 2,9 | 458 |
| Retts- vitskap | 3,3 | 3,5 | 3,4 | 3,8 | 3,2 | 2,6 | 655 |
| Øk.-adm. | 3,3 | | | | | | 2831 |
| Alle fagområde | 3,3 | 3,4 | 3,4 | 3,7 | 3,1 | 2,8 | 17 590 |
| Sjukepleie | 3,2 | 3,3 | 3,4 | 3,5 | 3,1 | 3,0 | 1349 |
| Samfunns- økonomi | 3,2 | 3,5 | 3,4 | 3,9 | 3,0 | 2,4 | 172 |
| Sivil- ingeniør | 3,1 | 3,1 | 3,1 | 3,8 | 2,8 | 2,6 | 988 |
| Lektor | 3,1 | 3,2 | 3,2 | 3,6 | 3,0 | 2,3 | 266 |
| GLU | 3,1 | 3,1 | 3,3 | 3,4 | 3,2 | 2,7 | 697 |
| Ingeniør | 3,0 | 3,0 | 2,9 | 3,6 | 2,9 | 2,5 | 1007 |
| Psykologi | 2,9 | 3,3 | 3,3 | 3,4 | 2,4 | 2,2 | 429 |
| Medisin | 2,8 | 3,0 | 3,0 | 3,4 | 2,2 | 2,1 | 388 |

Vedlegg 3. Gjennomsnittsscore på spørsmåla i Studiebarometeret som inngår i utrekninga av indeksen *relevans* for alle store utdanningstypar. Tabellen er sortert etter gjennomsnittsscoren på undervisningsindeksen. Grønt indikerer ein score *over* snittet for alle, svart ein score *på* snittet for alle og raudt ein score *under* snittet for alle.

| | Relevans | Er relevant med sikte på aktuelle yrkesområde | Gir gode høve til arbeid | Gir kunnskapar og ferdigheiter som er viktige i arbeidslivet | Har god praksisopplæring (dersom studiet har ein praksisdell) | Respon- dentar |
|---------------------------|------------|---|--------------------------|--|---|----------------|
| Medisin | 4,6 | 4,8 | 4,6 | 4,7 | 4,4 | 388 |
| Sjuka- pleie | 4,6 | 4,6 | 4,7 | 4,6 | 4,3 | 1349 |
| Barne- hage | 4,5 | 4,6 | 4,7 | 4,5 | 4,2 | 733 |
| Retts- vitskap | 4,5 | 4,6 | 4,5 | 4,5 | - | 655 |
| Sivil- ingeniør | 4,5 | 4,4 | 4,7 | 4,3 | - | 988 |
| GLU | 4,4 | 4,4 | 4,7 | 4,2 | 4,2 | 697 |
| Arkitektur | 4,4 | 4,5 | 4,2 | 4,4 | - | 125 |
| Yrkesfag- lærar | 4,2 | 4,3 | 3,8 | 4,4 | 4,1 | 172 |
| Helse og sosial (3- årig) | 4,3 | 4,5 | 4,1 | 4,4 | 4,1 | 1305 |
| Øk.-adm. | 4,3 | 4,3 | 4,3 | 4,3 | - | 2831 |
| Ingeniør | 4,2 | 4,3 | 4,5 | 3,9 | - | 1007 |
| Pedagogikk | 4,2 | 4,2 | 4,1 | 4,3 | 4,2 | 532 |
| Alle fagområde | 4,2 | 4,3 | 4,2 | 4,2 | 4,2 | 17 590 |
| Data – IT | 4,1 | 4,2 | 4,2 | 4,1 | - | 458 |
| Lektor | 4,1 | 4,3 | 4,7 | 3,9 | 3,4 | 266 |
| Psykologi | 4,1 | 4,2 | 4,1 | 4,3 | 4,0 | 429 |
| Religion | 4,0 | 4,1 | 3,7 | 4,2 | - | 183 |
| Mat.-nat. | 3,9 | 4,0 | 3,8 | 4,0 | - | 649 |
| Samfunns- økonomi | 3,9 | 3,9 | 3,9 | 3,8 | - | 172 |
| Idrett | 3,8 | 4,0 | 3,4 | 4,1 | 3,8 | 289 |
| Stats- vitskap | 3,7 | 3,8 | 3,4 | 3,9 | - | 434 |
| Kunst | 3,6 | 4,0 | 3,0 | 3,9 | - | 448 |
| Språk | 3,6 | 3,7 | 3,3 | 3,7 | - | 320 |
| Sosiologi | 3,6 | 3,5 | 3,2 | 4,0 | - | 156 |
| Hist.-fil. | 3,5 | 3,6 | 3,1 | 3,7 | - | 530 |

Vedlegg 4. Lineær regresjon viser at ein modell der dei sju indeksane i Studiebarometeret inngår som uavhengige variablar, kan forklare 50 prosent av den observerte variasjonen i tilfredsheit alt i alt på individnivå blant alle respondentane i Studiebarometeret. Tabellen viser den same analysen for alle dei store utdanningstypene.

| | ANOVA- modell (R ²) | Under- visning (Beta) | Lærings- miljø (Beta) | Med- verknad (Beta) | Engasje- ment (Beta) | Relevans (Beta) | Eksamen (Beta) | Lærings- utbytte (Beta) | Respon- dentar |
|--------------------------------|---------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|---------------------------|----------------------------|--------------------|-------------------|-------------------------------|-------------------|
| Alle | 0,50** | 0,19** | 0,06** | 0,10** | 0,33** | 0,16** | 0,02* | 0,09** | 16302 |
| GLU | 0,53** | 0,28** | 0,00 | 0,08* | 0,29** | 0,23** | 0,01 | 0,01 | 643 |
| Ingeniør | 0,50** | 0,29** | 0,07* | 0,11** | 0,18** | 0,18** | 0,00 | 0,11** | 922 |
| Sjukepleie | 0,50** | 0,20** | 0,04 | 0,13** | 0,22** | 0,22** | 0,00 | 0,12** | 1273 |
| Barnehage | 0,47** | 0,11* | 0,05 | 0,27** | 0,29** | 0,13** | -0,03 | 0,06 | 677 |
| Helse og sosial andre (3-årig) | 0,47** | 0,15** | 0,05 | 0,16** | 0,19** | 0,21** | 0,06* | 0,13** | 1226 |
| 5-årig grunnskule | 0,74** ⁵ | 0,33* | 0,08 | 0,25* | 0,31* | 0,04 | -0,32** | 0,27* | 49 |
| Lektor | 0,56** | 0,15* | 0,00 | 0,14** | 0,39** | 0,26** | 0,06 | -0,04 | 247 |
| Medisin | 0,57** | 0,25** | 0,15** | 0,09* | 0,36** | 0,10* | -0,02 | 0,05 | 364 |
| Arkitektur | 0,39** | 0,18 | 0,01 | 0,21* | 0,23* | 0,08 | 0,06 | 0,11 | 123 |
| Sivilingeniør | 0,43** | 0,10** | 0,07* | 0,11** | 0,39** | 0,11** | 0,01 | 0,08** | 913 |
| Mat.-nat. | 0,49** | 0,11* | 0,08* | -0,02 | 0,39** | 0,15** | 0,07* | 0,14** | 603 |
| Data – IT | 0,60** | 0,13** | 0,10* | 0,04 | 0,34** | 0,22** | -0,01 | 0,13** | 411 |
| Hist.-fil. | 0,55** | 0,18** | 0,09* | 0,04 | 0,43** | 0,07 | -0,02 | 0,14** | 509 |
| Idrett | 0,47** | 0,12 | -0,08 | 0,21** | 0,35** | 0,09 | -0,02 | 0,21** | 276 |
| Kunst | 0,60** | 0,30** | 0,05 | 0,06 | 0,26** | 0,07 | 0,05 | 0,17** | 414 |
| Pedagogikk | 0,59** | 0,24** | 0,01 | 0,10* | 0,36** | 0,15** | 0,03 | 0,07 | 502 |
| Psykologi | 0,53** | 0,22** | 0,03 | 0,06 | 0,36** | 0,20** | -0,03 | 0,12* | 403 |
| Religion | 0,52** | 0,16* | 0,10 | -0,06 | 0,41** | 0,18* | 0,05 | 0,06 | 170 |
| Rettsvitskap | 0,49** | 0,27** | 0,18** | 0,07 | 0,20** | 0,08* | 0,01 | 0,13** | 607 |
| Språk | 0,49** | 0,15* | -0,01 | -0,02 | 0,37** | 0,14* | 0,00 | 0,21** | 285 |
| Samfunns-økonomi | 0,49** | 0,21* | 0,08 | 0,01 | 0,30** | 0,13* | 0,11 | 0,10 | 162 |
| Sosiologi | 0,58** | 0,15* | 0,04 | 0,04 | 0,48** | 0,24** | 0,07 | -0,04 | 148 |
| Statsvitskap | 0,48** | 0,13* | 0,05 | 0,07 | 0,32** | 0,07 | 0,06 | 0,19** | 410 |
| Yrkesfaglærer | 0,66** | 0,07 | 0,27** | 0,17* | 0,25** | 0,13* | -0,07 | 0,14 | 162 |
| Øk.-adm. | 0,49** | 0,17** | 0,04* | 0,07** | 0,33** | 0,18** | 0,02 | 0,10** | 2566 |

⁵ Her er det oppgitt «adjusted R square» på grunn av få observasjonar.